

## SAK 32/20 SPONSORMIDLAR

### Saksopplysning

Regionrådet for Hallingdal har gjennom åra drøfta ulike former for profilering og tilskot til regionale lag og organisasjonar, innan området kultur/idrett. I sak 72/10 handsama Regionrådet sak om tilskot/sponsing av regionalt idrett/kulturarbeid.

Utgangspunktet for saka var tre konkrete tilnærmingar:

1. Regionrådet hadde ved fleire høve drøfta ulike former for profilering og tilskot til regionale lag og organisasjonar, innan området kultur/idrett. I sak 36/10 var det ei eigen sak i forhold til Hallingdal Fotballklubb (HFK), der eit av tema var sponsor for HFK.
2. I forhold til profilering av Hallingdal vart det på Hallingtinget 28.april 2009 presentert ein ide med etablering av Hallingambassadørar.
3. Hallingdal Kraftnett hadde på styreseminar 7.12.2010 ei drøftingssak om sponsing av idrettslag. Dagleg leiar var invitert og deltok i drøftingane.

Med bakgrunn i drøftingar kom ein fram til ei idéskisse:

Hallingdal Kraftnett, eventuelt Hemsedal Energi og Regionrådet for Hallingdal etablerar ei felles tilskot/sponsordning for ein avgrensa periode. Ordninga har tre hovudelement:

- a. Etablere ei sponsoravtale med Hallingdal Fotballklubb (HFK)
- b. Etablere ei ordning med Hallingambassadørar
- c. Etablere ei søkbar tilskotsordning for regionale kultur- og idrettstiltak.

Etter dette har Hallingdal Kraftnett og Regionrådet for Hallingdal og i ein periode også Hemsedal Energi vore sponsor for [Hallingdal Fotballklubb \(HFK\)](#) med godtgjersle på kr. 100.000 pr. år. Midlane har kome frå Hallingdal Kraftnett, medan Regionrådet har lagt til rette i forhold til profilering. HFK er ein klubb for heile Hallingdal der det er ca. 100 aktive medlemmer på lag. I tillegg er det ca. 120 unge gutar og jenter frå heile dalen organisert gjennom tilbod på [akademiet](#).

Det har vore gjennomført 2 puljer med Hallingambassadørar, 2014 – 2015 og 2017 – 2018. Dette har vore eit tiltak for profilering av Hallingdal med «bruk» av ungdom som utmerkar seg innan idrett og/eller kultur, og som skapar positiv merksemd om Hallingdal i og utanfor Hallingdal. Å bli utnemnt til Hallingambassadør skulle og vera ein påskjønning til den enkelte.

Totalt har Hallingdal Kraftnett løyvd eit tilskot på kr. 300.000 pr. år i dei periodane Hallingambassadørar var aktive.

Ordning med søkbar tilskotsordning for regionale kultur- og idrettstiltak vart aldri etablert. Ut frå at det ikkje var meir midlar og det vart etter kvart vurdert som arbeidskrevjande med ei eigen tilskotordning der det eventuelt ville vera svært avgrensa med midlar. Ei søkbar ordning vart og vurdert å kunne skapa forventningar der mange ville bli skuffa.

Regionrådet for Hallingdal har dei siste åra teke til orde for å ha ei sponsorordning som famnar vidt og som har eit regionalt fokus. Dette ut i frå eit ynskje om prioritering og profilering av regionale tiltak, og at ein ser at det er aktørar som er regionale, men som fell mellom fleire stolar i forhold til økonomisk støtte.

Det har vore drøftinga med Hallingdal Kraftnett om ei vidareføring av ei avtale, der Regionrådet for Hallingdal disponera ein årleg pott sponsormidlar som skal nyttast etter nærare definerte retningslinjer.

### **Vurdering**

Regionrådet for Hallingdal har eit ynskje om å kunne disponere ein årleg pott til sponsmidlar. Dette er m.a. grunngeve med at aktørar som er regionale ofte ikkje når fram i samband med kommunale løyvingar og Regionrådet er i mange samanhengar dei som for førespurnad om støtte. Argument for ei regional sponsorordning kan m.a. vera:

- Økonomisk støtte til lag/aktivitetar som ofte fell mellom to stolar, fordi det ikkje høyrer heime i ei konkret kommune.
- Profilere Hallingdal
- Konkrete og synlege tiltak overfor unge/ungdom

### **Forslag til vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal går i dialog med Hallingdal kraftnett med intensjon om å etablere ei felles tilskots/sponsorordning for idretts- og kulturaktivitetar i Hallingdal, der Regionrådet for Hallingdal administrera løysinga og der Hallingdal Kraftnett løyver eit årleg tilskot til løysinga.
2. I nært samarbeid med Hallingdal Kraftnett skal det utarbeidast retningslinjer for ordninga.
3. Det er ei målsetting at ordninga kan gjelde frå 2021.

Ål 22.5.2020

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar